

## Om drikkevasskvaliteten i Langavatnet/Litlevatnet

Mykje tyder på at vasskvaliteten i Langavatnet/Litlevatnet i utgangspunktet ikkje er eigna til drikkevatt. Vatnet er forureina av tarmbakteriar frå menneske eller dyr, noko som ikkje skuldast påverknad frå skogdrift. Her er påverknad frå badeplass, turveg for hest/hund og slåttemark. Eigar av drikkevassanlegget bryt i tillegg lova ved å ikkje ta årlege lovpålagte vassprøvar.

### Fleire kjelder til påverknad av drikkevatt

Avrenning av humuspartiklar frå hogstfeltet vil naturleg nok vere ei kjelde til påverknad i ei tidsbegrensa periode, til ny bunnvegetasjon får etablert seg. Men her er og ei rekkje andre kjelder til påverknad.

Klagar nyttar sjølv Langavatnet til badeplass og rekreasjonsområde, og har utlagt flytebrygge i vatnet (med tilhøyrande redningsbøye), og tilrettelagt med benkar/sitteplassar. Her er stor ferdsel med hest og hund på landbruksvegen som går heilt i vasskanten på austsida av vatnet, og avføring frå desse på veggen drenerer rett i vatnet. Brukarane er kundar hjå Arild Aase, som driv utleige av stallplassar og lokale til hundeklubben på garden sin. Aase har og slåttemark tett i vasskanten med avrenning av gjødsel direkte til Langavatnet. Litlevatnet ligg tett inntil fylkesveg 57 og har i tillegg avrenning frå denne.

### Om krav til vassprøvar

Klagar hevdar sjølv at han ikkje er pålagt å ta vassprøvar. Han seier han har prøvar tekne av Tine, men vil ikkje leggje fram desse.

Mattilsynet seier følgjande i sin veileiar «Informasjon til de minste vannforsyningssystemene» følgjande:

«Ved vannforsyningssystem som produserer 10 m<sup>3</sup> drikkevann per døgn eller mindre, **må dere ta minst en prøve av ubehandlet råvann i året**, og denne prøven skal som et minimum analyseres for *E. coli*. Funn av *E. coli* kan i noen tilfeller bety at vannet er forurenset med avføring.» (lovpålagt etter drikkevassforskrifta §20)

Vidare står det:

Ved vannforsyningssystem som produserer 10 m<sup>3</sup> drikkevann per døgn eller mindre, må dere også ta minst en prøve av det ferdige drikkevannet hvert år (lovpålagt etter drikkevassforskrifta §21). Denne prøven skal som et minimum analyseres for:

- *E. coli*
- intestinale enterokokker
- kimtall ved 22 °C
- koliforme bakterier
- ledningsevne
- pH

## Resultat/funn i vassprøve

Isdal skog- og veglag tok ein vassprøve i januar 2023. Då Arild Aase ikkje vil leggje fram eigne vassprøvar, er dette det einaste vi har per no for å kunne sei noko om vasskvalitet. (Det er mogleg at kommunen har eigne prøvar og kan sei noko om evt drikkevasskvalitet i Langavatnet/Litlavatnet.) Prøvane viser at her er E.coli og koliforme bakteriar (frå avføring frå dyr eller menneske). Spørsmålet er vel om desse vatna i det heile er eigna som drikkevatt.

### *Koliforme bakteriar*

**KOLIFORME bakterier** er tarmbakterier fra mennesker eller varmblodige dyr. Noen Koli bakterier vil kunne formere seg og overleve relativt lenge ute i naturen og i jordsmonnet. Påvisning av Koliforme bakterier i en vannprøve, tas som et tegn på at vannet er forurenset, mest sannsynlig pga. tilsig av forurenset overflatevann.

- Drikkevannsforskriften angir at det ikke skal påvises Koliforme bakterier i offentlig drikkevann.
- I private vannkilder bør ikke antallet Koliforme bakterier overstige **10/100ml**. Ved antall over 10 bør vannet kokes!

Vassprøvar tekne av Isdal skog- og veglag i januar 2022, viser at her er koliforme bakterier med analyseresultat på **45 MPN/100 ml**.

**E.COLI bakterier** er også tarmbakterier fra mennesker eller varmblodige dyr. Disse kan ikke formere seg ute i naturen og overlever der kun kort tid. Påvisning av E.coli i en vannprøve, tas som et sikkert tegn på at vannet nylig er forurenset av kloakk. Slikt vann kan i tillegg inneholde flere andre sykdomsfremkallende bakterier.

- Drikkevannsforskriften angir at det ikke skal påvises E.coli bakterier i offentlig drikkevann.
- I private vannkilder bør heller ikke E.coli påvises. Ved påvisning av E.coli bør vannet kokes!

Vassprøvar tekne av Isdal skog- og veglag i januar 2022, viser at her er E.COLI bakteriar med analyseresultat på **3 MPN/100 ml**.

### **Om avrenning frå skogsfelt**

Mykje av avrenninga frå skogsfeltet drenerer gjennom myr og uberørt terreng, og partiklar vert filtrert vekk her. Noko avrenning av partiklar vil nok følgje bekken som renn ut heilt sør i Langavatnet. Det er nesten ein kilometer frå sørenden av Langavatnet til drikkevassinntaket til Arild Aase. Sand og silt vil sedimenterast heilt sør i Langavatnet, då det sig mot botn når bekken møter vatnet. Humuspartiklar kan flyte lenger. Langavatnet er smalare midt på, og her er ein grunn terskel som syner som eit grønt belte på flyfoto. Her er mykje vassplantar som veks frå bunnen og opp til overflata, og det mykje humuspartiklar vil naturleg nok bli fanga opp her. Synfaring fleire gonger vinteren 2023 syner heilt klart vatn i bekken frå hogstfeltet.

***Mykje tyder på at Langavatnet/Litlavatnet i utgangspunktet ikkje er eigna som drikkevatt pga E.Coli/koliforme bakteriar. Eigar av drikkevassanlegg bryt lova ved å ikkje ta årlege vassprøver. Eigar driv og eigen aktivitet som er potensiell kjelde til forureining og til risiko for drikkevasskvaliteten. Ei naturleg løysing av saka vil vere at Arild Aase vert knytt til kommunalt drikkevatt. Dette bør vere ei enkel løysing då røyrleidningane ligg i vegen like ved.***